



Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

25. august 2021

post@alver.kommune.no

Att. Hans Kristian Dolmen

Kommentar til uttale Fiskarlaget Vest i samband med søknad om å leggja ut ringar ved lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune for Lerøy Vest AS

Lerøy Vest AS (LV) disponera havbrukslokalitet 13209 Bognøy i Radfjorden Alver kommune. Visar til uttale frå Fiskarlaget Vest (FV) datert 19.05.2021, på LV sin søknad om å leggja 3 stk. 160 meter ringar på rekkje datert 13.04.2021.

Vi vil først understreka at det er viktig for Havbruksnæringa å ha tilgang til reint oksygenrikt sjøvatn til ei kvar tid, elles er ikkje produksjonen vår berekraftig.

Generelle merknader

Vi vel å ikkje kommentera den generelle delen i uttalen til FV.

Bognøy

Fiskarlaget skriv "I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert gyteområde for torsk og hyse i omsøkte område, samt område for passive reiskap og fleire kaste- og låssettingsplassar like ved. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps."

Vi kan nemna at Fiskeridirektoratet har tildelt to ungdomsfiske kvotar til fiske av "leppefisk" ved Bogno, for levering til lokaliteten. og at vi som selskap har samarbeid med 75 ungdomsfiskarar i Vestland Fylkeskommune. Dette visar at vi som selskap også er med å bidra til rekruttering til Fiskaryrket. I vedlegg 6.1.3 b) i søknaden er det visa at vi ikkje kjem i konflikt med det arealet som er satt av til gyteområde for torsk og hyse, heile anlegget er planlagt innafor område satt av til Akvakultur i kommuneplanen. Vi kan heller ikkje sjå at vi kjem i


LERØY VEST

Skipavika 54,
N-5397 Bekkjarvik, Norway

Phone + 47 91 91 18 00
Foretaksregisteret/VAT NO 886 813 082 MVA

Email firmapost@sjotro11.no
leroyseafood.com

konflikt med område satt av til passive reiskap eller kaste- og låssettingsplassar, sjå figur under.



Figur 1 Kaste- og låssettingsplassar merka raudt, Gyteområde torsk og hyse merka brunt, passive fiskereiskap merka svart

FDV skriv:

"Dagens anlegg, og omsøkte anlegg, ligg i eit grunt sund med tersklar mot nord og sør. På bakgrunn av dette stil ein spørsmål ved kva konsekvensar akvakulturverksemd med påfølgjande utslepp, har å seie for det marine miljø, spesielt då det er i eit registrert gytefelt?"

Lokalitet Bogno har eksistert sidan midten av 90-talet og lokalitet beslaglegg eit areal på 75 meter x 50 meter = 3 750 m². Ved å utvida arealet, vil vi redusera punktbelastninga, slik at vi vil heva scoren på MOM-B og C undersøkingane. Dette fordi vi aukar spreingsareal til 100 meter x 300 meter = 30 000 m², samtidig som ein får tilgang til større mengde oksygenrikt sjøvatn, som fører til at ein får ein høgare fordøyelegheit på fôret. I sum vil dette føra til betre miljøtilhøve på lokaliteten.

FV skriv:

"Fiskarlaget Vest kan ikkje akseptere ein eventuell framtidig søknad om auka biomasse, med omsyn til gytefeltet og fiskeriinteressene i området."

Det er ikkje søkt om utviding av biomasse i denne søknaden.

FV skriv vidare:

"Ein er òg skeptisk til anleggsendringa då det vil beslaglegge eit større areal på sjøoverflata, og dermed vil føre til større forbodssone mot ferdsel (20 m) og fiske (100 m), enn dagens anlegg der ein fiskar mellom fortøyingane. Dersom ein

trass dette godkjenn arealauka, må fortøyingar, boltar og utstyr som ikkje lenger er i bruk fjernast. Eventuelle nye fortøyingar må utformast slik at fiskeutstyr ikkje heftar og avgrensast mest mogleg. Ein må få tilsendt koordinat på îlar/fortøyingar etter utlegging og ROV-undersøking."

Her følgjer vi norsk lov og sertifiserer anlegget ved utlegging og dokumenterer posisjonar for anker og boltar ved hjelp av ROV og sender desse til Kartverket ved Efs, som legg inn posisjonane/endringane i sjøkart. Det er forbod mot å fiska nærare enn 100m frå anlegget og dei fleste fortøyingane på Bogno er under 100m i luftline frå anlegg.

i det siste avsnittet skriv FV:

"Til slutt vil ein gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid."

Havbruksnæringa er også avhengig av reint miljø og berekraftig produksjon. Fleire og fleire lokalitetar i Lerøy vert sertifisert etter ASC-standard og alle råvarer som vert brukt i fôret skal oppfylla krava i ASC-standard. Fisken som vert satt i sjø er vaksinert mot ulike sjukdomar før utsett, slik at ein unngår bruk av legemiddel. I Radfjorden bruker ein ikkje kopar impregnerte nøter, kun vokset, for å unngå miljøgifter og framandstoff. I tillegg er Lerøy kome godt i gang med å elektrifisera anlegga, slik at ein ikkje treng nytta fossilt brensel på flåtane. Lerøy arbeider også med å redusera forbruket av ikkje-resirkulerbar plast med 50% innan 2024, deltar aktivt med arbeidsbåtar i den årlege strandryddedagen som arrangerast av Hold Norge Rent og Lerøy har også deponert meir enn 930 tonn nøter frå bur for resirkulering via det norske selskapet Nofir. Nofir jobber med innsamling av kassert utstyr fra fiskeri og fiskeoppdrett i Norge og Europa, og resirkulering av disse for å produsere klær, møbler etc. Dette hindrar at kasserte verktøy havnar i sjøen, og aukar resirkuleringa i form av nye produkt.

Med venleg helsing



Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt
Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS

kopi:

Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune
Fiskeridirektoratet Region Vest